

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Dato: 11.04.2019  
Vår ref.: 2014/17256-89  
Saksbehandlar: gurklyv  
Dykkar ref.:

## **Gnr. 4, bnr. 1 i Meland kommune. Søknad om frådeling av areal til friluftsføremål.**

Hordaland fylkeskommune (HFK) kjøpte Leirvik gard på Fløksand i Meland kommune i 1907. Eigedomen består i dag av gnr. 4, bnr. 1, 25 og 63.

I 2018 vedtok Hordaland fylkesting at gnr. 4, bnr. 1, 25 og 63 skulle leggjast ut for sal i den opne marknaden i samsvar med ein utarbeidd opsjonsavtale og kjøpekontrakt. Punkt 3 i fylkestinget sitt vedtak hadde følgjande formulering:

*3. Innan utløpet av opsjonsperioden, vert fylkesrådmannen beden om å avklara om det kan vere aktuelt å løysa ut heile eller delar av strandområdet med tanke på allmenn tilgang til friluftsområde, og om Bergen og omland friluftsråd (BOF) kan vere aktuell gjennom bruk av ordninga for statleg sikring av friluftsområde.*

Administrasjonen i fylkeskommunen tok deretter kontakt med Bergen og omland friluftsråd (BOF), og det var i tillegg dialog med Miljødirektoratet.

Miljødirektoratet er eigar av eit areal ved sjøen på Fløksand på 27 mål som er sikra frå før til friluftsføremål. Dette er Fløksand Friområde som ligg på eigedomen gnr. 5, bnr. 157.

HFK og BOF har forhandla fram ein avtale der BOF kjøper eit ubygd areal i strandområdet på 22,5 mål av HFK. Sjå vedlagt avtale. Arealet ligg på gnr. 4, bnr. 1, og er teikna inn på kartet som er vedlagt avtalen. Det grensar til Fløksand Friområde, og på det nemnde kartet er Fløksand Friområde merka med brun farge.

Det nye arealet må frådelast, og det er avtala at BOF skal vere heimelshavar og leggje området til rette og drifte det som friluftsområde for ålmenta. Sjølv om det BOF, og ikkje Miljødirektoratet, som vil stå som eigar av det nye arealet, vil det likevel verte ein del av det statleg sikra friluftsområdet gjennom ein statleg klausul. Denne klausulen vil verte tinglyst på det nye området, og skal ha følgjande tekst:  
«Området kan ikkje nyttast til anna enn friluftsføremål, utan etter godkjenning av staten v/Miljødirektoratet.»

Vedlagt følgjer søknadsskjema om frådeling av arealet, naboliste, opplysningar gjeve i nabovarsel, kart (D1 og D2), samt kvittering for sendt nabovarsling.

Varsel om frådeling er sendt til naboar på vedlagte naboliste, og i tillegg er det sendt nabovarsel til Stiftelsen Meland Golf & Naturpark, som leiger gnr. 4, bnr. 25 og 63. HFK har ikkje motteke merknader innan fristen.

HFK har nyleg inngått opsjonsavtale med Hui Gruppen AS (HUI) som gjev opsjonshavar/HUI rett til kjøp av

gnr. 4, bnr. 1, 25 og 63 dersom opsjonshavar oppnår godkjent reguleringsplan(ar) i samsvar med opsjonsavtalen.

HFK er såleis framleis eigar av eigedomen, og i tillegg er det avtala at arealet som skal frådelast til friluftsføremål ikkje er omfatta av opsjonsavtalen.

  
Guro Klyve  
leiar forvaltning


Vedlegg:

1. Kjøpekontrakt m/kart
2. Søknadsskjema
3. Naboliste
4. Opplysningar gjeve i nabovarsel
5. Kart som viser omsøkt areal – D1
6. Situasjonkart – D2
7. Kvittering for sendt nabovarsling



## Søknad om oppretting / endring av matrikkeleining / rekvisisjon av oppmålingsforretning

Søknad om oppretting av grunneigedom m.m i medhald av plan- og bygningslova (pbl §20-1m av 27.06.2008) og rekvisisjon av oppmålingsforretning i medhald av matrikkellova (jf. kap. 3 og 7 i matrikkellova med tilhørende føresegn).

Søknaden skal sendast til:			Kommunen sitt sak/arkivnr.:		
 Meland kommune					
Adresse:	Postnr:	Poststad:			
Postboks 79	5906	Frekhaug			
E-post: <a href="mailto:postmottak@meland.kommune.no">postmottak@meland.kommune.no</a>					

1. Eigedom				
Gnr. 4	Bnr. 1	Fnr.	Snr.	Adresse BETTINSGEGEN, 5918 FREKHAUG
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.	Adresse
Gnr.	Bnr.	Fnr.	Snr.	Adresse

2. Søknad om oppretting/ endring av matrikkeleining / grensejustering / klarlegging av grense m.m.	
<input checked="" type="checkbox"/> A. Oppretting av grunneigedom <input type="checkbox"/> B. Oppretting av anleggs-/volumeigedom ( over/under bakken) <input type="checkbox"/> C. Arealoverføring ( tilleggsareal til eks. grunneigedom) <input type="checkbox"/> D. Ny festegrund for meir enn 10 år	<input type="checkbox"/> E. Grensejustering (max 5% av minste eiged. sitt areal ) <input type="checkbox"/> F. Klårlegging av eksisterande grense / grensepåvising <input type="checkbox"/> G. Matrikulering av grunn som ikkje er matrikulert <input type="checkbox"/> H. Matrikulering av jordsameige <input type="checkbox"/> I. Uteareal til eigarseksjon
Søknad i samsvar med godkjent plan:	Ja: Nei: <input checked="" type="checkbox"/> <input type="checkbox"/>
<input checked="" type="checkbox"/> Reg.plan	<input checked="" type="checkbox"/> Kommuneplan
Søknad utan samsvar med plan krev i tillegg søknad om dispensasjon. Sjå pkt 5	

3. Oppmålingsforretning ( Må fyllast ut ved pkt. 2 A, B, C eller D) Sjå rettleiing.	
<input checked="" type="checkbox"/> A. Iverksetting av arbeid med oppmålingsforretning frå det tidspunkt løyve etter pbl er gyldig. ( mest vanleg) <input type="checkbox"/> B. Utsettjing av arbeid med oppmålingsforretning etter pbl § 21-9 fjerde ledd, inntil 3 år. <u>Søklar</u> må rekvirera oppmåling innan fristen.(pkt D) <input type="checkbox"/> C. <u>Søknad</u> om matrikkelføring med utsett oppmålingsforretning etter matrikkellova § 6 andre ledd, forskrifta § 25. ( inntil 2 år)  Grunngeving for pkt C (påkravd):	
<input type="checkbox"/> D. Rekvisisjon av oppmålingsforretning som har vore utsett etter pkt 3B.	Gjeld saksnr.:

4. Oppretta matrikkeleining skal nyttast til:	
<input checked="" type="checkbox"/> Sjølvstendig eigedom	<input type="checkbox"/> Tilleggsareal til Gnr / Bnr :
<input type="checkbox"/> Bustadhus <input type="checkbox"/> Fritidshus <input type="checkbox"/> Industri/bergverk <input type="checkbox"/> Varehandel/bank/hotell/restaurant <input type="checkbox"/> Offentleg verksemd	<input type="checkbox"/> Landbruk/fiske <input type="checkbox"/> Naust <input type="checkbox"/> Garasje / uthus <input type="checkbox"/> Offentleg veg / kommunikasjonsanlegg / teknisk anlegg <input checked="" type="checkbox"/> Anna: <u>FRILUFTSOMRÅDE FOR ALMENTA</u>

5. Dispensasjonssøknad	
<input type="checkbox"/> Arealbruk i kommuneplan / reguleringsplan <input type="checkbox"/> Krav om regulering i kommuneplan <input type="checkbox"/> Anna ( lov, føresegn, vedtekt, plan ) <input type="checkbox"/> Strandsone	Dispensasjonssøknad skal grunngjevast særskilt, jfr. Plan- og bygningslova § 19-2 av 27.06.2008. Grunngjeving for dispensasjon skal gjevast på eige ark.  Hugs å krysse av for søknad om disp. på nabovarselet.



Søknad om oppretting / endring av eiendom til oppføring av bygning krev sikra nødvendige rettar til veg, vatn og avløp. Slike rettar skal vera på plass før søknaden vert behandla og dokumentasjon på nye rettar skal ligge vedlagt søknaden.

**6. Tilkomst - pbl. § 27.4 og veglova §§ 40-43**

Dokumentasjon på vegrett skal leggjast ved. Sjå pkt 8.

<input type="checkbox"/> Riksveg / Fylkesveg/ Europaveg	<input checked="" type="checkbox"/> Kommunal veg	<input type="checkbox"/> Privat veg
<input type="checkbox"/> Ny avkjørsel frå off. veg	<input type="checkbox"/> Kopi av søknad om løyve til avkjørsel skal leggjast ved.	<input type="checkbox"/> Løyve til avkjørsle er gjeve - jf. Vedlegg.
<input type="checkbox"/> Utvida bruk av eksisterande avkjørsel		

**7. Vassforsyning (pbl. § 27.1) og Avløp (pbl. §27.2)**

Dokumentasjon på gitt løyve VA skal leggjast ved. Sjå pkt 8.

<input type="checkbox"/> Offentleg vassverk	<input type="checkbox"/> Anna vassforsyning	<input type="checkbox"/> Offentleg avløp	<input type="checkbox"/> Privat enkelt- / fellesanlegg (Avløp)
---	---	--	--

**8. Dokumentasjon på nye bruksrettar og servituttar på arealet som søknaden gjeld.**

<input type="checkbox"/> Tilkomst sikra iflg vedlagt dokument.	<input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt i denne saka
<input type="checkbox"/> Vassforsyning sikra iflg vedlagt dokument.	<input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt i denne saka
<input type="checkbox"/> Avløp sikra iflg vedlagt dokument.	<input checked="" type="checkbox"/> Ikkje aktuelt i denne saka

**9. Eksisterande bruksrettar og servituttar på arealet som søknaden gjeld.**

Kva slags rett? (vegrett, brønnrett, naustrett o.s.v.):

<input type="checkbox"/> Retten er tinglyst	<input type="checkbox"/> Retten er ikkje tinglyst. - Rettshavar (Gnr./Bnr.):
---	--

**10. Vedlegg (kryss av)**

<input checked="" type="checkbox"/> Situasjonsskart / delingsplan i rett målestokk (påkravd)	<input type="checkbox"/> Fullmakt
<input checked="" type="checkbox"/> Gjenpart av nabovarsel ( påkravd for saker etter pkt. 2 A-D og I )	<input type="checkbox"/> Firma-attest
<input checked="" type="checkbox"/> Avtalar, dokumentasjon, private servituttar	<input checked="" type="checkbox"/> Skildring av søknaden / tiltaket på eige ark
<input type="checkbox"/> Søknad om dispensasjon	<input type="checkbox"/> Uttale/ samtykke frå andre off. mynde:
	<input type="checkbox"/> Anna:

**11. Spesifikasjon av parsellar det er søkt om**

Ved fleire parsellar. Før på eiga liste.

Parsellnr:	Areal m <sup>2</sup>	Parsellen skal nyttast til:	Evt namn og adresse på kjøpar / festar:
1	22.500	FRILUFTSOMRÅDE	BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD

**12. Underskrift av akt. heimelshavar / fullmaktshavar / andre etter MI §9**

Bruk eige ark ved for lite plass.

Heimel for søknad/ rekvisisjon må fyllast ut nedanfor. ( påkravd )

Sjå rettleiing.

Rekv. kravd etter MI §9 1.ledd a

Heimelshavar ( mest vanleg )

Rekv. kravd etter MI §9 1.ledd b-h, eller 2.ledd a-b

( dok. er påkravd ) Oppgje ledd og bokstav for heimel:

Namn på søkjar (blokkbokstavar):	Adresse
Underskrift (påkravd):	E-post:
	Telefon
	Dato
Namn på søkjar (blokkbokstavar):	Adresse
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	EIGEDOMSDELINGA
ORB. NR. 938 626 367	POSTBOKS 7900
	5020 BERGEN
Underskrift (påkravd):	E-post:
Jostein Fjærestad	guro.klyve@hfk.no
JOSTEIN FJÆRESTAD, EIGEDOMSDIREKTØR	Telefon 98212267
	Dato
	12.04.2019

Faktura skal sendast til:

Gjeld ved fleire rekvirentar eller dersom advokat rekvirerer.

Namn (blokkbokstavar)	Adresse
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	EIGEDOMSDELINGA
	POSTBOKS 7900
	5020 BERGEN